

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 20.10.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Jan Håvard Frøyland

SAKA GJELD: Status budsjettprosess

STYRESAK: 059/16

STYREMØTE: 27.10.2016

Administrerende direktør si orientering pkt.4

Saka gir ei skildring av Helse Fonna sine utfordringar i forhold til dei venta budsjettmålsetningane for 2017. Vidare gir saka ei orientering om budsjettprosessen for Helse Fonna HF for 2017.

Helse Fonna rapporterte per september ein resultatprognose for 2016 på 30 millionar kroner, som er 10 millionar kroner under budsjett. 2016 har vore eit år med høg prosjektaktivitet som har kravd både interne ressursar og ekstern bistand. Både for nybygg prosjektet og IKT-prosjekta er det lagt inn krav om gevinstrealisering. Dette vil krevje omstillingar i åra framover og ligg til grunn for arbeidet med budsjettet for 2017. I budsjettet for 2017 er det lagt inn ein gevinstrealisering for IKT-prosjekta ute i klinikkane på totalt 13,5 millionar kroner.

Føresetnader

Styret i Helse Vest RHF handsama førebels inntektsramme og resultatkrav i sak 074/16. Helse Fonna har fått førebels inntektsfordeling frå eigar på 3 114,172 millionar kroner og eit resultatkrav på 40 millionar kroner for 2017. Budsjettarbeidet er basert på dette inntil endelege premisser føreligg. Helse Vest RHF ventar å ha handsama endeleg inntektsfordeling basert på statsbudsjett for 2017 i månadsskiftet oktober/november. Endelege føresetnadar om aktivitet, økonomi og finansielle forhold vil verte justerte i samband med endeleg inntektsfordeling i regionen.

Basert på forventningane om at mesteparten av den venta veksten skal skje i kommunane må spesialisthelsetenesta rekna med å planlegge for lågare vekst enn framskrivinga av folkeveksten i regionen. Helse Vest har lagt til grunn ein generell vekst i regionen innan aktivitetsavhengig inntekt (ISF-inntekt) på 0,6 %. Helse Fonna kan auke aktiviteten med 0,4 % i høve til aktivitetsnivået i 2016.

Helse Vest har gjeve føresetnad om løns- og prisvekst på 2,5 prosent. Deflator vil bli oppdatert i samband med framlegging av endeleg inntektsramme for 2017.

Legg ein saman aktivitetsveksten innan ISF-området (somatikk) og deflator, vil kostnadsveksten utan omstillingar, bli på 2,9 prosent. Totalramma for Helse Fonna er derimot berre auka med 1,4 prosent. Det er i hovudsak to grunnar til at totalramme blir lågare enn inntektsveksten innanfor somatikk:

1. 33,1 millionar kroner utgjorde sysselsettingsmidla i 2016. Dette er tatt bort i ramma for 2017
2. 7,3 millionar kroner i redusert ramme pga pensjonen ikkje er prisjustert

Ved å justera for desse to faktorane blir inntektsveksten på 2,6 prosent, som då fortsatt er lågare enn antatt kostnadsvekst utan omstillingar.

Tar ein i tillegg med omstillingsbehova i forbindelse med auka kostnadar innan IKT, høgare legemiddelkostnadar og justering av styringsfarten til eit resultat på 40 millionar kroner, vil det totale omstillingsbehovet blir om lag 50 millionar kroner for budsjettet 2017 målt opp mot 2016. Denne utfordringa er fordelt ut på klinikkane, og dei er bedne om å sjå på moglege tiltak for å koma ned på den gitte kostnadsramma.

Helse Vest RHF har bede helseføretaka om å nytta rammebudsjettering som teknikk og at dei økonomiske rammene skal bli budsjettert på lågaste nivå i organisasjonen slik at dei resultatansvarlege kan tilpasse kostnadene til ramma. Helse Vest presiserer at om helseføretaka ønskjer å prioritere nye oppgåver eller endra behov, må desse finansierast innanfor ramma.

Budsjettmetode og prosess

Budsjettprosessen for 2017 starta i juni og føretaket legg opp budsjettarbeidet etter vedteken budsjettkalender. Leiarar, tillitsvalde og verneombod er med i prosessen. Der er fokus på forankring i organisasjonen for å skape eigarskap til budsjettet. Elles vil føringar for budsjettarbeidet, metode og plan for budsjettarbeidet skildra i styresak 38/16 bli følgt.